



Allsong i Sjøkanten på laurdag med aktørane Hans Gustav Mussland, Reidar MYklebust og Kristian Bringedal.

Det er venta mykje folk på Allsong i Sjøkanten laurdag kl. 16 på OSKA: For at alle skal få god plass, vert det brukt konsertformasjon i den inste delen av restaurantlokale, slik det har vore på jazzkonsertane i det siste. Det er plass til 60 gjester i den delen av OSKA. I tillegg brukar ein borda og stolane som er i restauranten. Denne løysinga vert også brukt for å ha fri tilgang ved inngangen og til baren.

Aktørane Hans Gustav Mussland, Reidar Myklebust og Kristian Bringedal har laga eit songhefte på 16 sider med tilsaman 24 songar. Tekstane og melodiane er kjende for dei fleste. Noko vil alltid vera nytt for nokre, men alt er sangbart og lett å læra.

Av genre kan vi nemna populærmusikk frå 1960 talet, sjømannssongar, tekstar frå allsongpotpurri og nordnorske viser. Det er tekstar laga mellom anna av Evert Taube, Johannes Kleppevik, Alf Prøysen og Jakob Sande. Den mykje brukte Vampteksten Tir n`a noir vert teken fram att. Ny for mange er truleg songen Fanaråken, tekst og meldodi Bjørn Helge Pedersen frå Høyanger, skriven til ein av dei mange rutebåtane tilhøyrande Fylkesbåtane.

Då det er venta mykje folk, bed arrangøren gjestene vera ute i god til. Inngangsprisen er kr. 100,- Kaffi og kake er inkludert i inngangsbilletten.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland